

Saksbehandlar: Jo-Andreas Lunde Meisfjordskar, Nærings- og kulturavdelinga  
 Sak nr.: 17/4623-1

## **Avvikling av INU-ordninga**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora/INU-ordninga vert avvikla.
2. Hovudutval for næring og kultur får fullmakt til å disponere eventuelle restmidlar. Fylkesrådmannen må følgje opp dei formelle sidene knytt til avviklinga.

### **Vedlegg:**

Signert Årsmøteprotokoll 2017

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1 Bakgrunn for saka**

Sidan 2007 har Sogn og Fjordane fylkeskommune motteke overføringar frå staten som kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift i kommunane Flora, Sogndal og Førde. I samband med statsbudsjettet for 2017 vart denne statlege kompensasjonsordninga avvikla. I Sogn og Fjordane har denne ordninga vorte styrt av ei foreining med eit styre samansett av politikarar og personar frå næringslivet i dei tre kommunane. Denne foreininga har forkortinga INU-FSF som står for «Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Flora og Sogndal».

Foreininga har løyvd tilskot til ulike infrastrukturtiltak, reiselivssatsingar, Innovasjon Norge og mellom anna inkubatorverksemd til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane. I fleire år låg den årlege kompensasjonen på vel 40 millionar kroner, medan den vart trappa ned til vel 22 mill kr i 2016. Det er i praksis nærings- og kulturavdelinga til fylkeskommunen som har motteke og utgreidd søknadane. Avdelinga har siste åra laga saksframstilling til INU-styret og følgd opp søknadane i ettertid. Dette gjeld også økonomiarbeid i samband med ordninga.

Det er fylkestinget som har oppretta foreininga INU-FSF, og det er no følgjeleg fylkestinget som skal avvikle denne ordninga. Det er fylkestinget som kan gje hovudutval for næring og kultur høve til å disponere restmidlar.

I årsrapporten frå INU-FSF for 2016 går det fram at det er 2 144 926 kr att som restmidlar etter at løyvingane for 2016 er gjorde. Av desse går 544 486 kroner til NHO for å dekke kostnader knytt til avvikling av ordninga, medan dei resterande 1,6 mill kr skal nyttast til ulike utviklingstiltak. Årsmøtet har peika på nokre aktuelle område for bruk av desse 1,6 mill kr, og det er no fylkeskommunen som tek i mot søknader og tildeler desse midlane.

Det kan bli meir restmidlar etter denne ordninga. Dette i samband med renteinntekter på midlar som ikkje alt er utbetalte, og restmidlar i samband med prosjekt som ikkje vert gjennomført i den tiltenkte målestokken.

Årsmøtet i INU-FSF legg til grunn at desse restmidlane vert disponert av fylkeskommunen, og der tettstadutvikling i Førde, Flora og Sogndal skal ha prioritet.

## 2 Vurderingar

Når INU-FSF vert avvikla er det naturleg at det framleis er nærings- og kulturavdelinga til fylkeskommunen som held fram med oppfølginga av prosjekta til desse er fullførte. Dette gjeld både prosjektoppfølgning og forvaltning av tilhøyrande midlar. Eventuelle restmidlar frå kompensasjonsordninga bør kunne forvaltest av hovudutvalet for næring og kultur. Dette vil kunne omfatte både renteinntekter og restmidlar frå prosjekt som ikkje er gjennomført i tiltenkt målestokk.

Fylkesrådmannen har notert seg årsmøtet i INU-FSF sitt ønske om å prioritere restmidlar til tettstadutvikling. I ei tid med uvisse i dei framtidige rammene til næringsutvikling er det ikkje ønskeleg å legge slike føringar på restmidlane. Vi kan kome i ein situasjon der tilgjengelege utviklingsmidlar i endå større grad må prioriterast inn mot dei næringstiltaka som gjev best verknad. Dette må difor hovudutval for næring og kultur kunne vurdere på fritt grunnlag.

INU-FSF er registrert i Brønnøysundregistera, og der er formalitetar som må følgjast. Det er naturleg at hovudutvalet/fylkesrådmannen får fullmakt til å følge opp fylkestinget sitt vedtak om avvikling.

## 3 Konklusjon/tilråding

Når den nasjonale kompensasjonsordninga er avvikla, er det naturleg at INU-FSF også ver avvikla. Eventuelle restmidlar vert å disponere av hovudutvalet for næring og kultur. Fylkesrådmannen vil følgje opp dei formelle sidene ved avviklinga – frå vår side.